



Klapp og flagg for brannbilen då han kjem

**Dette er eit stort løft for brannvernet i heile Kvinnherad. Det fastslo brannsjef Grete Nesheim under markeringa på brannstasjonen i føremiddag av reoveringa av denne og anskaffelsen av ein ny brannbil. Branntroppen med 8 mann og ei kvinne har gjort ein imponerande dugnadsinnsats og sagt nei takk i 2 år til telefongodtgjersle. Nesheim kalla innsatsen frå troppen utruleg og sa at det hadde vore ein bra prosess. Brannmeister Kjell Tungesvik priste den gode kjemi som hadde herska med administrasjonen i kommunen i oversynet han ga over prosjektet.**



Nyrenovert bil og fornøgd mannskap: Frå venstre sit Sindre Eidsvik, Tor Øystein Myklebust, Runar Myklebust, Per Fausk, Anne Guri Kildal, Kjell Erik Taranger, Tor jarle Kjærland og Kjell Tungesvik

Det hadde møtt fram mange som ville syne si takksemd over prosjektet som truleg set punktum for trugsmålet mot troppen. Dei fekk SPAR-sponsa kaker og kaffi.og det vart ei fin stund. Prosjektet tok til i april med seinkjing av golvet for å skaffa plass til bilen.Heile stasjonen er dessutan måla. Midt i mai starta arbeidet med å skaffa bil og ein frå Egenes Brannteknikk i Flekkefjord vart vald. Tungesvik takka troppen for dugnaden.

Medan den gamle Land Rover ikkje kan ta med seg vatn har den renoverte Scania ein kapasitet på 3400 liter, noko som kan vera avgjerande i opningsfasen på ein brann. Bilen har kosta 250 000 og godtgjersla utgjer 160 000. Næringslivet og kommunen har dekkja gapet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Veteranar i branntroppen med nybilen: Harald Sunde, Audun Eik, Håkon Uppheim (37 års teneste!), Harald Snilstveit, Knut Stensletten og Kristian Olav Bringedal